

Samnanger kommune
Tysseveien 217
5650 TYSSE

SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK NR	JNR
2 2 MARS 2019	
EI:NEKODE	
OBJEKTkode	
SAKSH	GRADERING

Dato: 18.03.2019
Vår ref.: 2019/2867-2
Saksbehandlar: arnasan
Dykkar ref.:

Tannhelsetilbodet til innbyggjarar i Samnanger kommune

Fylkestannlegen viser til brev datert 14. mars 2019, og med referanse 18/1157/19/2127/31/JEB.

Fylkestinget vedtok i mars 2016 klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. I vedtaket pkt 3 a) står det: «Tysse tannklinikk blir lagt ned når ny tannklinikk i Indre Arna er klar til bruk i 2018. Pasientane i Samanger kan då velja mellom å få sitt tannhelsetilbod på Eikelandsosen tannklinikk, på Indra Arna tannklinikk, på Os tannklinikk eller på Norheimsund tannklinikk.»

Ny tannklinikk i Arna er klar til bruk 1. september 2019. I samsvar med dette fylkestingsvedtaket blir då Tysse tannklinikk lagt ned.

Den vedtekne klinikkstrukturplanen har som mål å utvikle ein klinikkstruktur slik at den offentlege tannhelsetenesta kan tilby stabile tannhelsetenester av høg fagleg kvalitet til alle innbyggjarar i Hordaland. Dette inkluderer også eit spesialisttilbod. Dei fylkeskommunale tannklinikkane skal ha ein storleik som gjer dei robuste til å ta hand om pasientane ved sjukdom, vakansar, ferier og permisjonar. Storleiken på tannklinikkane er og avgjerande for at det førebyggjande arbeidet kan koordinerast med aktuelle samarbeidspartar på ein effektiv og god måte.

Som eit grunnlag for den vedtekne klinikkstrukturen er og ein aksept av at pasientar i Hordaland skal kunna ha inntil ein times reise kvar veg til og frå tannklinikk. Reiseveg må også sjåast i samheng med den gode tannhelsa til born og unge, og som medfører at dei aller fleste nå blir innkalla til tannklinikk ein gong anna kvart år.

Fylkestingsvedtaket frå mars 2016 har også eit pkt 6 som lyder: «Der klinikkar vert lagt ned, skal ein undersøkje om det er potensiale for kjøp av private tannhelsetenester som eit alternativt tilbod til innbyggjarane i området». Dette vedtakspunktet inneber at fylkestannlegen skal undersøkje og vurdere om det er aktuelt å kjøpa tenester frå allereie eksisterande privatpraksis(-ar) når tannklinikkar blir lagt ned, men inneber ikkje at Hordaland fylkeskommune skal bidra til å etablere eit privat tannhelsetilbod i området.

Fylkestannlegen vil også visa til lov om tannhelseteneste § 4-2 som lyder: «Hvis en fylkeskommune ønsker å inngå avtale med privatpraktiserende tannlege om behandling av prioriterte grupper som nevnt i § 1-3 bokstavene a-e, skal den kunngjøre at interesserte kan melde seg. Avtale skal inngås med den som er faglig best skikket.» Fylkeskommunen kan altså inngå avtalar med privatpraktiserende tannlegar, men det er eit lovkrav om at det i så tilfelle skal annonserast slik at alle private tannlegar innanfor rimeleg område kan melde si interesse, og så skal fylkestannlegen velge den som er fagleg best skikka.

Det framtidige tannhelsetilbodet til innbyggjarar i Samnanger kommune som har rettar til gratis tannhelsetilbod på fylkeskommunal tannklinikk blir i samsvar med fylkestingsvedtaket frå mars 2016. Det er ikkje aktuelt for fylkestannlegen i Hordaland å inngå avtale med ein eventuell privatpraktiserande tannlege på Tysse om behandling av desse pasientgruppene.

Arne Åsan
fylkestannlege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.